

Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland - fråsegn Stord kommune

Framlegg til vedtak:

Stord kommune gjev følgjande fråsegn til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland:

Stord kommune støttar føremålet med å samla fleire planar. Fylkeskommunen er viktig som kompetansemiljø for kommunane, og det er positivt at planprogrammet legg opp til kartleggingar og utgreiingar som bidrar til ny kunnskap. For at planen ikkje skal bli for vid og kompleks bør den konsentrerast om tema som særskilt treng regional samordning, og som ikkje er godt nok regulert gjennom statlege eller kommunale føringar. Den bør også konsentrerast om dei delegerte, fylkeskommunale kjerneoppgåvene. Det bør leggjast vekt på å få fram tydelege mål og strategiar. Grunnlagsinformasjon som kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kan med fordel samlast i vedlegg

Samordning med regional planlegging i Rogaland og andre nabofylke er viktig. Særleg gjeld dette for transportsektoren i Sunnhordland og på Haugalandet.

Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for kommunane, og Stord kommune er positiv til planar som danner grunnlag for samarbeid. Samstundes er det viktig at rammer for kommunal forvaltning vert forankra lokalt i kommunen. Det bør koma tydelegare fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleiingsansvar, og korleis planen skal vera rammeverk for kommunen si forvaltning.

Den regionale planen bør ha som hovudmål å rettleia kommunane, og støtta opp om nettverk og møteplassar for alle aktørane i fylket. Det bør vurderast å utarbeida rettleiarar framfor mange retningslinjer. Planen bør i størst mogleg grad styrka kommunane si rolle som planmynde, og ikkje bidra til å leggje så mange føringar at ein i praksis reduserer det lokalpolitiske myndet som er gitt i plan- og bygningslova. Særleg gjeld dette innanfor arealforvaltninga. Då må ein unngå strategiar og retningslinjer som byggjer opp under at fylkeskommunen vert ein «overkommune». Stord kommune meiner difor at fleire plantema må utgå frå planprogrammet.

Plantema

Stord kommune støttar føremålet om å fastsetja strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland der regional samordning er avgjerande. Samtidig meiner me det bør gjerast ei strengare vurdering av kva for plantema planen skal innehalda. Mykje av arealforvaltninga er i dag styrt av nasjonale føringar, til dømes statlege planretningslinjer og nasjonal jordvernsstrategi. Dei regionale føringane som planprogrammet legg opp til, omfattar svært mange tema, og vil etter vår meining kunna føra til meir byråkrati og ytterlegare innskrenking av handlingsrommet for lokal arealplanlegging. Planen bør i større grad retta seg mot dei viktigaste samfunnsutfordringane som gjeld heile fylket, og der statlege føringar ikkje er tilstrekkeleg.

Følgjande plantema er godt regulert av statlege føringar og kan etter vår meining vurderast å takast ut av planen:

- Gjennomgåande omsyn
- Bustadutvikling og bumiljø
- Fritidsbustader, turisme og besøksforvaltning
- Arealkrevjande næring
- Blågrøne areal
- Jordvern og landbruk
- Natur og friluftsliv
- Kystnære sjøareal og strandsone
- Naturfare og klimatilpassing

For nokre av desse tema, som t.d. klimatilpassing, bør fylkeskommunen heller ta si rettleirolle på alvor og vurdere å utarbeide eksempelsamlingar på korleis ein kan utforme føresegnar på kommuneplan- og reguleringsplannivå for å sikre framtidig klimatilpassing.

Regionsenter og transportstruktur

Stord kommune meiner etablerte regionale tilbod og institusjonar som til dømes helseføretak og utdanningsinstitusjonar må inngå i kriteria for regionsenter. Vidare bør også regional tilhøyrslø og identitet bli lagt til grunn.

Når det gjeld å avklare kva for roller og funksjonar som skal ligge til dei ulike regionsentra, bør ein inkludere kriterium for plassering av m.a. eigen sentraladministrasjon. På fylkesdirektørnivå ligg ein lokasjon i Bergen, medan det finst to lokasjonar i nord-fylket – Leikanger og Førde. Me stiller spørsmål om dette er tenleg struktur og kva for kriterium dette byggjer på.

Planprogrammet legg opp til ei vurdering av å inndela kommunane i kategoriar. Det er uklårt kva for tiltak dei eventuelle kategoriane skal ha innverknad på. Dersom det er tenkt regionale tiltak, ser me at ei kategorisering kan vera nyttig, som ein del av ei heilskapsvurdering. For lokale tiltak er Stord kommune negativ til ei slik inndeling. Erfaringar frå strandsoneforvaltninga viser at det er dei konkrete vurderingane i kvar sak som er avgjerande for vedtaka, ikkje kva for sone/kategori tiltaket ligg i. Innføring av kategoriar kan gi større avstand til avgjerslene og dårlegare forankring av vedtaka.

Velfungerande infrastruktur og gode kollektivtilbod er viktig for at regionsentera skal vera motor for utviklinga i regionen. Manglande transporttilbod er ei barriere for deltaking. Utvikling av kommunikasjonen mellom regionsenter og omlandskommunar bør vera eit prioritert plantema. I tillegg er transportinfrastruktur svært viktig for velfungerande, framtidige arbeidsmarknadsregionar. Transportinfrastrukturen må stø opp om dei tunge næringsklyngene som allereie finst i Vestland og som me er heilt avhengige av i transformasjonen til eit grønare og meir berekraftig næringsliv.

Berekraftig arealforvaltning

Avsnittet om planføresegnar for handel i punkt 2.3.2 er uklårt og bør skrivast om. Dei regionale planføresegnene var gjeldande til 10.12.24. Stord kommune kan ikkje sjå å ha vore involvert i prosess for forlenging, og legg til grunn at det per i dag ikkje er juridisk bindande planføresegnar for handel i Vestland. Stord kommune ser ikkje at det er grunnlag for å utvikle regionale planføresegnar i dette planarbeidet.

I planprogrammet er det eit mål å unngå spreidd bustadbygging utifrå miljø- og naturomsyn. Stord kommune er generelt einig i dette, men vil samtidig peika på at bustadbygging utanfor sentrumsområda bidrar til å oppretthalda landbruksaktivitet og å halda liv i små lokalsamfunn. Å gjera bygdene meir livskraftige er viktig både av omsyn til matforsyning og beredskap, og for bevaring av natur- og kulturmiljø. Desse vurderingane høyrer heime i kommunane, og plantemaet må difor takast ut av planprogrammet, som vist under «plantema».

Ei barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Stord kommune meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Oppfølging av planen og skildring av konsekvensar

I følgje planprogrammet skal også andre aktørar (enn fylkeskommunen) bidra til å følgja opp handlingsprogrammet til den regionale planen. Det må her leggjast til grunn at tiltak som involverer kommunane skal forankrast i kommunane sine egne planverk og bli styrt av kommunen sine prioriteringar.

Kapittel 4.2 Konsekvensutgreiing er mangelfull. I følgje Plan- og bygningslova §4-2 skal planskildringa til regionale planar med retningslinjer for framtidig utbygging gi ei særskilt vurdering – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet bør vise til KU-forskrifta, og lista opp tema som er relevante å vurdere i KU av regional plan.

Planprosess, organisering og medverknad

Regionane innanfor Vestland fylke er ulike når det gjeld utfordringar og ressursar. Det er difor viktig å sikra at aktørar frå alle regionar deltek i planarbeidet på ein likeverdig måte. Særskilt må det leggjast vekt på å involvera næringslivsaktørar frå heile fylket. Her er dei regionale samarbeidsråda og næringsråda viktige. Me vil særskilt peika på Stord næringsråd som representerer nokre av dei største industriverksemdene i fylket.

Framdriftsplan og milepålar

For å sikra god lokalpolitisk forankring av planen bør høyringsperioden utvidast til tidlegast oktober 2026.

Stord kommune ynskjer Vestland fylkeskommune lykke til med planarbeidet, og ser fram til vidare samarbeid i utarbeidinga av planen.

Røysting:

Framlegget frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Stord kommune gjev følgjande fråsegn til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland:

Stord kommune støttar føremålet med å samla fleire planar. Fylkeskommunen er viktig som kompetanse miljø for kommunane, og det er positivt at planprogrammet legg opp til kartleggingar og utgreiingar som bidrar til ny kunnskap. For at planen ikkje skal bli for vid og kompleks bør den konsentrerast om tema som særskilt treng regional samordning, og som ikkje er godt nok regulert gjennom statlege eller kommunale føringar. Den bør også konsentrerast om dei delegerte, fylkeskommunale kjerneoppgåvene.

Det bør leggjast vekt på å få fram tydelege mål og strategiar. Grunnlagsinformasjon som kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kan med fordel samlast i vedlegg

Samordning med regional planlegging i Rogaland og andre nabofylke er viktig. Særleg gjeld dette for transportsektoren i Sunnhordland og på Haugalandet.

Fylkeskommunen er ein viktig samarbeidspart for kommunane, og Stord kommune er positiv til planar som dannar grunnlag for samarbeid. Samstundes er det viktig at rammer for kommunal forvaltning vert forankra lokalt i kommunen. Det bør koma tydelegare fram kva verknad planen skal ha for fylkeskommunen sitt rettleiingsansvar, og korleis planen skal vera rammeverk for kommunen si forvaltning.

Den regionale planen bør ha som hovudmål å rettleia kommunane, og støtta opp om nettverk og møteplassar for alle aktørane i fylket. Det bør vurderast å utarbeida rettleiarar framfor mange retningslinjer. Planen bør i størst mogleg grad styrka kommunane si rolle som planmynde, og ikkje bidra til å leggje så mange føringar at ein i praksis reduserer det

lokalpolitiske myndet som er gitt i plan- og bygningslova. Særleg gjeld dette innanfor arealforvaltninga. Då må ein unngå strategiar og retningslinjer som byggjer opp under at fylkeskommunen vert ein «overkommune». Stord kommune meiner difor at fleire plantema må utgå frå planprogrammet.

Plantema

Stord kommune støttar føremålet om å fastsetja strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland der regional samordning er avgjerande. Samtidig meiner me det bør gjerast ei strengare vurdering av kva for plantema planen skal innehalda. Mykje av arealforvaltninga er i dag styrt av nasjonale føringar, til dømes statlege planretningslinjer og nasjonal jordvernsstrategi. Dei regionale føringane som planprogrammet legg opp til, omfattar svært mange tema, og vil etter vår meining kunna føra til meir byråkrati og ytterlegare innskrenking av handlingsrommet for lokal arealplanlegging. Planen bør i større grad retta seg mot dei viktigaste samfunnsutfordringane som gjeld heile fylket, og der statlege føringar ikkje er tilstrekkeleg.

Følgjande plantema er godt regulert av statlege føringar og kan etter vår meining vurderast å takast ut av planen:

- Gjennomgåande omsyn
- Bustadutvikling og bumiljø
- Fritidsbustader, turisme og besøksforvaltning
- Arealkrevjande næring
- Blågrøne areal
- Jordvern og landbruk
- Natur og friluftsliv
- Kystnære sjøareal og strandsone
- Naturfare og klimatilpassing

For nokre av desse tema, som t.d. klimatilpassing, bør fylkeskommunen heller ta si rettleiarrolle på alvor og vurdere å utarbeide eksempelsamlingar på korleis ein kan utforme føresegnar på kommuneplan- og reguleringsplannivå for å sikre framtidig klimatilpassing.

Regionsenter og transportstruktur

Stord kommune meiner etablerte regionale tilbod og institusjonar som til dømes helseføretak og utdanningsinstitusjonar må inngå i kriteria for regionsenter. Vidare bør også regional tilhøyrslø og identitet bli lagt til grunn.

Når det gjeld å avklare kva for roller og funksjonar som skal ligge til dei ulike regionsentra, bør ein inkludere kriterium for plassering av m.a. eigen sentraladministrasjon. På fylkesdirektørnivå ligg ein lokasjon i Bergen, medan det finst to lokasjonar i nord-fylket – Leikanger og Førde. Me stiller spørsmål om dette er tenleg struktur og kva for kriterium dette byggjer på.

Planprogrammet legg opp til ei vurdering av å inndela kommunane i kategoriar. Det er uklårt kva for tiltak dei eventuelle kategoriane skal ha innverknad på. Dersom det er tenkt regionale tiltak, ser me at ei kategorisering kan vera nyttig, som ein del av ei heilskapsvurdering. For lokale tiltak er Stord kommune negativ til ei slik inndeling.

Erfaringar frå strandsoneforvaltninga viser at det er dei konkrete vurderingane i kvar sak som er avgjerande for vedtaka, ikkje kva for sone/kategori tiltaket ligg i. Innføring av kategoriar kan gi større avstand til avgjerslene og dårlegare forankring av vedtaka.

Velfungerande infrastruktur og gode kollektivtilbod er viktig for at regionsentera skal vera motor for utviklinga i regionen. Manglande transporttilbod er ei barriere for deltaking.

Utvikling av kommunikasjonen mellom regionsenter og omlandskommunar bør vera eit prioritert plantema. I tillegg er transportinfrastruktur svært viktig for velfungerande, framtidige arbeidsmarknadsregionar. Transportinfrastrukturen må stø opp om dei tunge næringsklyngene som allereie finst i Vestland og som me er heilt avhengige av i transformasjonen til eit grønar og meir berekraftig næringsliv.

Berekraftig arealforvaltning

Avsnittet om planføresegner for handel i punkt 2.3.2 er uklårt og bør skrivast om. Dei regionale planføresegnene var gjeldande til 10.12.24. Stord kommune kan ikkje sjå å ha vore involvert i prosess for forlenging, og legg til grunn at det per i dag ikkje er juridisk bindande planføresegner for handel i Vestland. Stord kommune ser ikkje at det er grunnlag for å utvikle regionale planføresegner i dette planarbeidet.

I planprogrammet er det eit mål å unngå spreidd bustadbygging utifrå miljø- og naturomsyn. Stord kommune er generelt einig i dette, men vil samtidig peika på at bustadbygging utanfor sentrumsområda bidrar til å oppretthalda landbruksaktivitet og å halda liv i små lokalsamfunn. Å gjera bygdene meir livskraftige er viktig både av omsyn til

matforsyning og beredskap, og for bevaring av natur- og kulturmiljø. Desse vurderingane høyrer heime i kommunane, og plantemaet må difor takast ut av planprogrammet, som vist under «plantema».

Ei barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Stord kommune meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Oppfølging av planen og skildring av konsekvensar

I følgje planprogrammet skal også andre aktørar (enn fylkeskommunen) bidra til å følgja opp handlingsprogrammet til den regionale planen. Det må her leggjast til grunn at tiltak som involverer kommunane skal forankrast i kommunane sine eigne planverk og bli styrt av kommunen sine prioriteringar.

Kapittel 4.2 Konsekvensutgreiing er mangelfull. I følgje Plan- og bygningslova §4-2 skal planskildringa til regionale planar med retningslinjer for framtidig utbygging gi ei særskilt vurdering – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Planprogrammet bør vise til KU-forskrifta, og lista opp tema som er relevante å vurdere i KU av regional plan.

Planprosess, organisering og medverknad

Regionane innanfor Vestland fylke er ulike når det gjeld utfordringar og ressursar. Det er difor viktig å sikra at aktørar frå alle regionar deltek i planarbeidet på ein likeverdig måte. Særskilt må det leggjast vekt på å involvera næringslivsaktørar frå heile fylket. Her er dei regionale samarbeidsråda og næringsråda viktige. Me vil særskilt peika på Stord næringsråd som representerer nokre av dei største industriverksemdene i fylket.

Framdriftsplan og milepålar

For å sikra god lokalpolitisk forankring av planen bør høyringsperioden utvidast til tidlegast oktober 2026.

Stord kommune ynskjer Vestland fylkeskommune lykke til med planarbeidet, og ser fram til vidare samarbeid i utarbeidinga av planen.

Dokumentliste

U	19.08.2025	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	Ein ny regional plan for areal og mobilitet - regionale føresegner for lokalisering av handel
I	26.08.2025	Vestland fylkeskommune	Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland
U	02.09.2025	Vestland fylkeskommune	Førespurnad om utsett høyringsfrist - Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland
S	22.09.2025		Høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland - fråsegn Stord kommune

Innleiing (bakgrunn for saka)

Vestland fylkeskommune varsla 26.08.25 oppstart for arbeidet med regional plan for areal og mobilitet. Planprogrammet for arbeidet vart samtidig sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova §4-1. Fylkeskommunen inviterer kommunale styresmakter til å uttala seg. Planprogrammet skal vedtakast av fylkesutvalet. Frist for uttale er 10. oktober, og det er oppmoda om at planprogrammet vert politisk handsama i kommunane. Kommunen har ikkje fått svar på førespurnad om utvida frist.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Føremålet med den regionale planen er å fastsetja «strategiske føringar for utbyggingsmønster i Vestland. Utbygging til ulike føremål må bli samordna med infrastruktur for transport, kommunikasjon, energi og tenester, og leggje grunnlaget for ei berekraftig, attraktiv og konkurransedyktig utvikling i heile fylket.» (Planprogrammet s. 5). Føremålet er vidare at «planen skal vere ein del av ein tydeleg regional politikk, der fylkeskommunen har ei sentral rolle som samordnar og pådrivar. Gjennom samarbeid på tvers av kommunegrenser, sektorar og forvaltningsnivå skal vi utvikle felles mål, strategiar og verkemiddel, tilpassa ulike geografiske og demografiske føresetnader. Natur- og klimakrisa krev ei ny arealforvaltning som tek omsyn til naturen si tolegrense. Planen skal utvikle prinsipp som balanserer behov for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk. Han skal samle retningslinjer og føringar for arealbruk i Vestland fylke.» (Planprogrammet s. 5)

Alle regionale planar skal etter plan og bygningslova §4-1 ha eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- oversikt over sentrale tema og problemstillingar
- planprosessen med fristar og deltakarar
- opplegget for medverknad
- behovet for utgreiingar

I denne saka er det desse punkta ein ber om fråsegn til.

Regionale planar er retningsgjevande, og skal etter plan- og bygningslova §8-2 leggjast til grunn for planlegging og verksemd i stat, fylkes og kommune. Eventuelle planføresegner er juridisk bindande for kommunane, jf Pbl §8-5.

Vurdering

Kommunedirektøren er positivt til at fylkeskommunen vil slå saman fleire planar. For kommunen er det krevjande å forhalda seg til mange regionale planar som blir reviderte på ulike tidspunkt. Samtidig tar den nye planen mål av seg å femna om svært mange område, og det kan verta utfordrande å gjera planen til eit effektivt styringsverktøy med tydelege mål og strategiar. Kommunedirektøren meiner difor planprogrammet bør peika på kva for tema som er viktigast for ei berekraftig og samordna utvikling av Vestland, og som bør prioriterast i planen.

Det er etter kommunedirektøren si meining fleire tema som frå før har omfattande statlege reguleringar t.d. ved statlege planretningslinjer og nasjonal jordvernsstrategi. Å innføra eit regionalt nivå i tillegg til dei statlege føringane kan bidra til å redusera det lokale handlingsrommet, m.a. gjennom fleire regionale motsegner. Kommunedirektøren vil difor foreslå å ta ut plantema som har tydelege sentrale føringar, og som er mindre viktige i høve til regional samordning. Eit tema som etter kommunedirektøren sitt syn bør løftast meir, er kraftsituasjonen i Vestland. Her har næringslivet gitt tydelege signal om at det trengs tiltak som sikrar ei god og føreseieleg kraftforsyning.

Fylkeskommunen har etter plan- og bygningslova mogelegheit til å setja bindande føresegn i regionale planar. Kommunedirektøren vil peika på at der ein legg fram føresegn må desse ha god forankring i kommunane, og konsekvensane må vere godt opplyste. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er fremja grunngjeving for at det er naudsynt å innføre regionale føresegn i denne regionale planen.

Kommunedirektøren registrerer at fylkeskommunen omtalar regionale føresegn for handel som framleis å vere gyldige. Kommunedirektøren forhold seg til at desse vart oppheva ved lov i 10.12.2024 (jf pbl §8-5, 2. setning). Stord kommune har ikkje vore involvert i ei eventuell forlenging av desse (jf. prosesskrav i Pbl §8-5, 3. ledd). Kommunedirektøren har bede om å få tilsendt eventuelt vedtak i saka, men har ikkje motteke dette. Lovtidend har også markert føresegna som oppheva.

I staden for styring bør den regionale planen leggja vekt på rettleiing, og å støtta opp om kommunen si rolle som arealforvaltar. Gode, illustrerte rettleiarar kan vera vel så nyttige som retningslinjer og føresegn.

Ei berekraftig utvikling handlar ikkje berre om natur, klima og miljø. Kommunedirektøren ser det som viktig at den regionale planen ikkje er til hinder for å skapa livskraftige lokalsamfunn også utanfor sentrumsområda. Det må framleis vera moglegheiter for bustadbygging og næring i meir griskrendte strøk etter gode, lokalpolitiske vurderingar. Samtidig er styrking av regionsentera, transporttilhøva og kommunikasjonen med omlandet og dei større byane viktige tema for å løfta Vestland som region.

God lokal forankring av planen er avgjerande for måloppnåinga. Kommunedirektøren vil peika på verdien av brei medverknad i planprosessen. I tillegg til god kommunal medverknad, er særleg regionsråda og dei lokale næringsråda viktige aktørar. For den lokalpolitiske forankringa er det avgjerande at framdriftsplanen gir rom for gode prosessar. Det er då lite tenleg å leggja høringsperioden til sommarferien. Kommunedirektøren foreslår difor ein utvida høringsperiode.

Totalt sett meiner kommunedirektøren at planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet femner altfor vidt, og at det er naudsynt med ei grunnleggjande drøfting av mandatet for planen. Regionalt planarbeid bør i tydelegare grad femne om kommuneoverskridande behov, som krafttilgang, og fylkeskommunen sine delegerte kjerneoppgåver, og i mindre grad om oppgåver som etter lova ligg til kommunale mynde å forvalte og styre.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Ingen direkte konsekvensar, men den regionale planen kan, dersom planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre, gi omfattande innskrenkingar i det kommunale sjølvstyret i arealforvaltninga.

Konsekvensar for berekraftsmåla:

Ingen direkte konsekvensar. Den regionale planen vil få føringar som gjeld folkehelse, klima og miljø.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen direkte. Den regionale planen vil omhandla beredskap.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår formannskapet til å vedta fråsegna slik den er vist i framlegg til vedtak.

Plan for gjennomføring

I samråd med fylkeskommunen blir kommunedirektøren sitt framlegg til fråsegn sendt innan fristen. Saksprotokoll frå formannskapsmøtet blir ettersendt etter møtet.